

Helge Sandvik
Sandvikavegen 354
5915 Hjelmås
97019634

Alver kommune
Landbrukskontoret

Sandvik 16.02.2021

Opplysninger vedr. søknad om skogsvei.

Viser til vedlagte søknad om bygging av skogsvei på gard nr 205/1 og 207/3.

Vedrørende gard nr 205/1, den er eigd av Åse Hagesæter men eg er i prosess med å overta denne eiendommen som tilleggsjord til gard nr 204/1. Derfor signerer eg søknad, Åse er informert om dette.

Vegen ligg også litt inn på gard nr 207/3, det er i hovudsak skog frå 207/3 som får utløyising ved etablering av veg.

Men etter avtale med eigar av gard nr 207/3 står eg som formell søkjar for vegen.

Eigar av gard nr 207/3 er:

Magnus Heggertveit

Søre kalihaugen 2

5268 Haukeland

Då vei kjem på overnevnte gard og bruksnummer så er det ingen naboer som vert råka av tiltaket, søker dermed om fritak for nabovarsling.

Det er ikkje søkt om avkjørsle til offentleg veg. Dette vert gjort når tiltaket er godkjent.

Dette til orientering.


Vedlegg:

- Søknad om bygging av skogsveg

Håper på ei rask og positiv behandling.

Med vennleg helsing

Helge Sandvik



mob 97 01 96 34

Tøm skjema

Journalnummer

År 2022	Fylke VESTLAND	Kommune ALVER
------------	-------------------	------------------

1. Er tiltaket søknadspliktig?

Søknadspliktige tiltak: Nybygging og ombygging av landbruksvegar etter forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier (landbruksvegforskrifta)¹ er søknadspliktig. Eit tiltak kan vere søknadspliktig sjølv om det er angitt som ikkje søknadspliktig lenger ned i dette skjemaet. Dette er tilfelle der tiltaket kan ha vesentleg påverknad på dei omsyna som er nemnde i § 1-1 i landbruksvegforskrifta. Du kan ikkje starte opp byggearbeidet før kommunen har gitt løyve.

Tiltak som ikkje er søknadspliktige: Opparbeiding av oppstillingsplass for landbruksmaskinar til bruk på eigedomen eller enkle avkøyringar frå godkjente landbruksvegar, er ikkje søknadspliktige. Det same gjeld enkle og mellombelse driftsvegar som berre medfører små terrenginngrep. Med små terrenginngrep meines planering med samla omfang på inntil 150 meter eller på areal mindre enn 450 m², der fylling/skjering ikkje fører til meir enn 1 meter avvik frå det opphavelige terrengnivået (sjå unntaket ovanfor).

2. Kva for regelverk skal tiltaket behandlast etter?

Før du sender inn skjemaet må du finne ut om tiltaket er søknadspliktig etter punkt 1, og om søknaden skal behandlast etter landbruksvegforskrifta eller plan- og bygningslova. Du kan berre nytte dette skjemaet dersom tiltaket skal behandlast etter landbruksvegforskrifta, det vil seie når over 50 % av samla nytte er knytt til landbruksverksemd. Les òg rettleiinga bakerst i dette skjemaet.

Dersom delsum landbruksnytte (L) er større enn delsum andre interesser (P) i vegen (L > P), skal søknaden behandlast etter landbruksvegforskrifta. I så fall skal du bruke dette skjemaet og levere det til kommunen, saman med vedlegga.

Dersom delsum andre interesser (P) er større en landbruksnytte (L) i vegen (P > L), skal søknaden behandlast etter plan- og bygningslova. Då skal du ikkje bruke dette skjemaet. Ta kontakt med kommunen din for meir informasjon rundt søknadsreglane for tiltak etter plan- og bygningslova.

Landbruk (L)		Andre formål utanom landbruk (P)	
Skogbruk	100 %	Privat bustad	%
Utmark	%	Privat hytte	%
Jordbruk	%	Hyttefelt	%
Seterverksemd	%	Næringsbygg	%
Gardsturisme	%	Aktivitetsbygg	%
Kraftverk, ikkje konsesjonspliktig (<1MW)	%	Kraftverk, konsesjonspliktig (>1MW)	%
Landbruksbygg	%	Anna, grei ut	%
Anna, grei ut	%		
Delsum landbruksinteresser (L)	100 %	Delsum andre interesser (P)	%
Totalsum L + P = 100%			

3. Opplysninger om søkar

Gnr./bnr./fnr. 207/3	Organisasjonsnr./fødselsnr.	Telefonnr. 97019634
Søkkarens namn HELGE SANDVIK	E-postadresse	
Adresse SANDVIKAVEGEN 354	Postnr. 5915	Poststad HJELMÅS

4. Generelt om vegtiltaket (berre permanente tiltak)

Vegnamn STOREBOTNEN	Vegplanleggar N KAALAAS		
Er vegen en del av hovudplan for vegar eller anna overordna transportplan?	<input checked="" type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei	
Er avkøyering frå offentleg veg godkjent av vegstyresmaktene?	<input type="checkbox"/> Ja	<input checked="" type="checkbox"/> Nei	<input type="checkbox"/> Ikkje aktuelt
Er naboar, rettshavarar eller andre som vedkjem tiltaket varsla?	<input type="checkbox"/> Ja, liste er lagt ved	<input checked="" type="checkbox"/> Nei, ikkje aktuelt (legg ved grunngjeving)	
Antall interessentar/parteigarar i vegen:	2	stk.	

5. Om tiltaket

Fyll ut for permanente tiltak

Totalareal dekar 400	Produktiv skog dekar 200	Hogstmoden skog m ³ 3000	Jordbruksareal dekar
Nyanlegg lengde 530 meter	Nyanlegg kostnad 800000 kr.		
Ombygging lengde meter	Ombygging kostnad kr.		
Søknadspiktig punktutbetring. Fører tiltaket til heving av vegklassa (ombygging) <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei			
<input type="checkbox"/> Bru <input type="checkbox"/> Bæreevne <input type="checkbox"/> Kurvatur <input type="checkbox"/> Stigning <input type="checkbox"/> Snuplass <input type="checkbox"/> Velteplass <input type="checkbox"/> Anna, grei ut			
Skal det anleggast massetak knytt til vegen? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei			
Dersom ja, anslå antall m ³ masse som skal hentast ut m ³			
Landbruksvegklasse <input type="checkbox"/> 2 <input checked="" type="checkbox"/> 3 <input type="checkbox"/> 4 <input type="checkbox"/> 5 <input type="checkbox"/> 6 <input type="checkbox"/> 7 <input type="checkbox"/> 8 <input type="checkbox"/> Avvik frå vegklassa			
Dersom avvik frå vegklassa, grei ut om årsaka			

Fyll ut for mellombelse tiltak

<input type="checkbox"/> Oppstillingsplass for landbruksmaskinar <input type="checkbox"/> Enkel avkøyering frå landbruksveg <input type="checkbox"/> Enkle og mellombelse driftsvegar
<input type="checkbox"/> Lengde over 150 m <input type="checkbox"/> Lengde under 150 m <input type="checkbox"/> Skjering/fylling over 1 m <input type="checkbox"/> Skjering/fylling under 1 m <input type="checkbox"/> Areal over 450 m ² <input type="checkbox"/> Areal under 450 m ²
Storleiken på driftsområdet som tiltaket betener dekar
Vil arbeidet med å gjennomføre sjølve tiltaket vare utover søknadsåret? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei Dersom ja, kor mange år år
Har du vurdert å bruke driftsmetodar som ikkje krev bruk av tiltaket du har søkt om? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
Før opp kostnadsauken ved å ikkje bruke det mellombelse tiltaket kr/m ³
Grei ut
Planlagde tiltak i etterkant
<input type="checkbox"/> Forynging/gjenplanting <input type="checkbox"/> Reparere vasslaup <input type="checkbox"/> Oppretting køyrespor <input type="checkbox"/> Tilbakeføring av driftsveg/deaktivering <input type="checkbox"/> Anna
Grei ut

6. Omsyn til miljøverdiar og andre interessar

Følgande miljøverdiar er registrert, jamfør rettleinga

Naturmangfald Ja Nei Landskap Ja Nei Kulturminne Ja Nei Friluftsliv Ja Nei

Dersom ja, før opp kva for verdiar, og kjelder for funn

Andre interessar som tiltaket rører ved

Verna vassdrag Ja Nei Reindriftsinteressar Ja Nei Vernskog Ja Nei

Dersom ja, før opp kva for verdiar og kjelder for funn

Ligg vegtraseen i område med fare for flaum, erosjon eller lausmasseskred? Ja Nei

Dersom ja, beskriv årsaka

Kan tiltaket gi ei auke i fare for flaum, erosjon eller lausmasseskred? Ja Nei

Dersom ja, beskriv årsaka og planlagde omsyn

Kan tiltaket føre til auka fare for flaum-, erosjon- eller skredskadar på omkringliggande bustader, anlegg eller anna offentleg infrastruktur (vegar, jernbane og så vidare)? Ja Nei

Dersom ja, beskriv planlagde omsyn

På kva måte ligg tiltaket samanlikna med marin grense: Over Under Både over og under

Dersom heile eller delar av tiltaket ligg under marin grense, grei ut om planlagde omsyn

Eventuelle kommentarar

7. Underskrift

Eg er ansvarleg for, og godtar å gjere meg kjend med forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier og andre aktuelle lover og reglar i samband med tiltaket. Eg er òg ansvarleg for, og godtar å gi naudsyn og korrekte opplysningar til kommunen som grunnlag for behandling av søknaden. Dette gjeld òg i samband med kontrolltiltak. Eg er kjend med at eg ikkje kan setje i gang med å bygge utan skriftleg løyve i frå kommunen. Opplysningane i denne søknaden inkludert vedlegg er gitt etter beste skjønn og så fullstendig som mogleg. Eg er kjend med at eg kan komma i straffeansvar dersom eg gir urette eller ufullstendige opplysningar.

Stad og dato
SANDVIK 16/2 2022

Underskrift

Helge Sandvik

Kartvedlegg

Kart skal leggst ved søknaden både for permanente vegar og mellombelse tiltak.

Kart i målestokk 1:5 000 eller 1:10 000, og oversiktskart i målestokk 1:50 000, skal følge søknaden. Følgande opplysningar skal markerast på kartet:

- Planlagt vegtrasé (brotten raud strek). Eventuelle alternativ skal merkast tydeleg (og skal vere nummererte).
- For mellombelse driftsvegar i skogbruket skal driftsområdet markerast (brotten/stipla blå strek).
- Dekningsområdet for den planlagde vegen/tiltaket (heil blå strek).
- Planlagde massetak i samband med tiltaket (ring inn med raud strek).
- Eksisterande vegar med betydning for dekningsområdet (heil svart strek).
- Busetnadar, offentleg infrastruktur og andre interessar som vegen/tiltaket kan få følger for (heil gul strek). Dette gjeld òg dersom desse ligg vekke i frå sjølve vegen, til dømes i dalbotnen
- Markér på kartet kjente miljøverdiar som bygging eller køyring på vegen kan få følger for, vis òg til opplysningar på søknadsskjema (heil grøn strek).
- Aktsemdsområde for jord- og flaumskred (Skrednett).
- Marin grense og eventuelle identifiserte faresoner for kvikkleire (Skrednett).

Vedleggsliste	Vedlagt	Ikkje vedlagt
Oversikt over interessentane i vegen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Oversikt over naboar, rettshavarar og andre som tiltaket kan få følger for	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Kart i målestokk 1:5 000 eller 1:10 000	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Oversiktskart i målestokk 1:50 000, med tiltaket teikna inn	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Eiga vurdering av vegen sin verknad på flaum- og skredfare for bustadområde og infrastruktur, og kva for omsyn som eventuelt er tatt med i planen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Eventuelle fråsegn frå vegplanleggar eller geoteknisk sakkyndig	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Rettleiing

Rettleiing til søknadsskjema om bygging av landbruksveg

Du skal nytte dette skjemaet ved søknad om bygging og ombygging av landbruksveggar etter landbruksvegforskrifta, stadfesta av Landbruks- og matdepartementet.

Du kan ikkje starte opp med å bygge vegen før du har fått løyve i frå kommunen. Du kan klage kommunen sitt vedtak inn til Fylkesmannen, jmfør landbruksvegforskrifta § 4-1 og forvaltningslova kapittel VI.

Kommunen si behandling av søknaden etter naturmangfaldlova

Kommunen skal og vurdere tiltaket etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 – 12.

Vurderingane av prinsippa skal komme til uttrykk i kommunen si saksframstilling og vedtak. Kommunen skal vurdere påverknad på naturmangfaldet av sjølvvegraséen, med grøfter og vegskulder og eventuelle nye massetak langs vegen.

Rettleiing til utfylling av punkta i søknadsskjemaet:

1 og 2. Er det eit søknadspålegg, og kva for regelverk skal tiltaket behandlast etter?

Ettersom søknad om vegbygging anten skal behandlast etter landbruksvegforskrifta eller plan- og bygningslova, må det først avklarast kva for regelverk vegsøknaden skal behandlast etter. Nyttan av dei einsskildede interessene skal fastsettast etter samla nytte av vegen. Dersom nytta knytt til landbruksverksemda utgjer over halvparten av den samla nytta, skal vegen behandlast etter landbruksvegforskrifta. Dersom ikkje, skal vegen behandlast etter plan- og bygningslova. Du kan nytte rettleiinga "Plan- og bygningsloven og Landbruk Pluss", jmfør Landbruksdirektoratet sine nettsider, som rettesnor for kva for tiltak som høyrer inn under landbruksomgrepet. Ta kontakt med kommunen din dersom du er usikker på kva måte dette vert avgjort.

Du finn òg informasjon og ein kalkulator på www.landbruksdirektoratet.no, som kan vere til hjelp når landbruksinteressene til vegen skal fastsettast. Dersom nyttefordelinga blir rekna ut på anna måte, må utrekningane leggjast ved søknaden.

3. Opplysningar om søker

Det skal berre vere ein søker, og i tilfelle der det vert søkt på vegne av fleire interessentar/eigarar i vegen etter skriftleg fullmakt. Søkeren pliktar å fylle ut søknadsskjemaet så utførlig som mogleg, og bidra med alle kjende opplysningar som kan vere av verdi for saksbehandlinga og avgjersla.

4. Generelt om vegtiltaket

- Med hovudplan forstår vi ein heilskapleg vegplan, anten vegdelen inngår i kommunen sin oversiktsplan for skogbruk, eigen områdeplan/hovudplan for vegar, eller anna transportplan.
- Angi om det er inngått avtale med vegplanleggar eller om slik kompetanse er planlagt nytta for heile eller deler av tiltaket. Dersom vegtiltaket som det søkaste om heilt eller delvis er under marin grense, og særleg i fareområde for kvikkleireskred, skal fråsegn frå geoteknikar som hovudregel leggjast ved søknaden. Dersom søknaden omfattar vegtiltak der flaum, erosjon og/eller lausmasseskred kan ha vesentleg påverknad på bustader eller anna samfunnsviktig infrastruktur, skal ei fråsegn frå vegplanleggar som hovudregel leggjast ved søknaden. Kommunen kan i vedtaket stille vilkår om bruk av vegplanleggar med vidare.
- Avkørsel frå offentleg veg og velteplass langs offentleg veg skal på førehand vere godkjend av vegstyresmaktene, jmfør forskrifta § 2-2.
- Ei liste over alle interessentane i vegen skal leggjast ved søknaden. Før opp namn, adresse, telefon/e-post.
- Liste over naboar, rettshavarar og andre som blir rørt av tiltaket og som på førehand er varsla om veisøknaden, skal leggjast ved søknaden.

5. Om tiltaket


- Vegen sitt dekningsområde er det arealet som vegen betener.
- Det vert skilt mellom permanente og mellombelse tiltak. Dei permanente tiltaka er nybygging, ombygging eller punktutbetring. Tiltak som hever vegklassa i samsvar med dei nye vegnormalane, inkludert punktutbetringar, vil normalt vere ei søknadspålegg om bygging.
- Dei mellombelse tiltaka vil ofte vere graving av enkle driftsveggar i bratt terreng for å gjere skogen tilgjengeleg for hjulgående skogsmaskinar. Desse driftsvegane skal normalt først tilbake og foryngast med skog etter avslutta hogst. I søknaden skal dei mellombelse driftsområda merkast av på kart med ei ytre avgrensing av det arealet som skal drivast med bruk av driftsvegane. Du må føre opp kor mange år det vil ta å gjennomføre drifta. Kommunen kan stille vilkår til planlegging og utføring med meir, jmfør forskrifta § 3-3 andre ledd.
- Før opp planlagt vegklasse etter «Normaler for landbruksveier med byggebeskrivelse», som du finn under infrastruktur på www.landbruksdirektoratet.no
- Vegklassene 2-3-4-5 er heilårs bilveggar eller sommarbilveggar, vegklasse 6 er vinterbilveg, og vegklassene 7 og 8 er traktorveggar. «Avvik i frå vegnormalene» er dei vegane som ikkje oppfyller vegnormalens krav, men som likevel medfører søknadspålegg om terrengingrep jf. §1-2.
- Før opp utrekna byggekostnad og meter for det tiltaket det er søkt om.

6. Omsyn til miljøverdiar og andre interesser

Søkeren må gjere greie for kjente miljøverdiar og bruksinteresser som blir rørt av det tiltaket som det er søkt om. Du finn kunnskap om miljøverdiar i elgedommen sin skogbruksplan, og i ulike innsynsløysingar og databasar (Kilden, Naturbase, Artskart, Skrednett osv.)

	Miljøverdiar/omsyn	Nettside	Informasjon om aktuelle kart
Naturmangfald	Prioriterte artar og freda artar (Forskriftfesta)	http://kart.naturbase.no	Prioriterte artar blir fastsette i egne forskrifter etter naturmangfaldlova. Dei freda artane er lista opp i forskrift om freding av trua artar etter naturmangfaldlova. Arter av nasjonal forvaltningsinteresse. Underkategori, Arter av særlig stor forvaltningsinteresse. Kartlag: PA (prioriterte artar) og Fredete artar. Søk kan òg gjerast i 'Artskart' hos www.artsdatabanken.no .
	Utvalde naturtypar (Forskriftfesta)		Alle utvalde naturtypar blir fastsette i eiga forskrift etter naturmangfaldlova. Utvalde naturtypar. <i>Alle kartlaga er aktuelle.</i>
	Verneområde (Forskriftfesta)		Verneområde blir oppretta etter naturmangfaldlova. Det blir vedtekne egne forskrifter for kvart einsskilt verneområde. Verneområde. <i>Alle kartlaga er aktuelle.</i>
	Miljøregistrering i skog (MiS) / Nøkkelbiotopar (Forskriftfesta og sertifisert)	http://kilden.skogoglandskap.no	Fane for arealinformasjon. Skog. Kartlag: Miljøregistrering i skog (MiS). Jmfør bærekraftforskrifta § 5, skal verdiane i viktige livsmiljø og nøkkelbiotopar takast vare på i samsvar med Norsk PEFC skogstandard (www.pefcnorgerg.org).
	Verna vassdrag (Forskriftfesta)		Fane for arealinformasjon. Eksterne. Kartlag: Verna vassdrag (NVE). Du skal krysse av for ja i søknadsskjema dersom vegen rører ei 100-meterssone på kvar side av verna vassdrag, med sideelver, større bekkar, sjøar og tjern. Der kommunen har fastsatt vassdragsbelte rundt verna vassdrag bruker du dette i staden for 100-metersbeltet.

Naturmangfold	Naturtypar (<i>ikkje knytt til eiga forskrift</i>)	http://naturbase.no	Naturtypar. Kartlag: <i>Hovednaturtype skog.</i>
	Arter (<i>ikkje knytt til eiga forskrift</i>)		Arter av nasjonal forvaltningsinteresse. Underkategori, Arter av særlig stor forvaltningsinteresse. Kartlag: <i>Trua arter.</i> Søk kan òg gjerast i 'Artskart' hos www.artsdatabanken.no .
Landskap	Helhetlig kulturlandskap (<i>ikkje knytt til eiga forskrift</i>)	http://kart.naturbase.no	Kartlaget for <i>Helhetlige kulturlandskap</i> gir ein peikepinn på område der det er store kulturlandskapsverdiar. Det finst ikkje egne kartlag for dei 22 utvalde kulturlandskapa i jordbruket. Desse områda har store biologiske- og kulturhistoriske verdiar. I tillegg til <i>Helhetlige kulturlandskap</i> skal kartlaget <i>Hovednaturtype kulturlandskap</i> sjekkast, da dette viser registrerte skjøtselsavhengige naturtypar. Informasjon om Utvalde kulturlandskap i jordbruket finn du på www.utvalgtekulturlandskap.no .
	Utvalde kulturlandskap i jordbruket (<i>Vert forskriftesta i 2016</i>)		
Kulturminner	Kulturminner og ståande byggverk (<i>Lovfesta</i>)	http://kilden.skogoglandskap.no	Kulturminner før år 1537 og ståande byggverk frå år 1537 – 1649, er automatisk freda, jmfør kulturminnelova. Fane for arealinformasjon. Eksterne Kartlag: <i>Arkeologiske kulturminner (RA).</i> Søk kan òg gjerast på 'Askeladden' og 'Kulturminnesøk' hos www.riksantikvaren.no . Ikkje alle arkeologiske kulturminner er registrert i basane eller fullstendig registrert.
Friluftsliv	Statleg sikra friluftsområde (<i>Servituttavtalar</i>)	http://kart.naturbase.no	Friluftslivsområde. Kart: <i>Statlig sikra friluftslivsområder.</i> Områda er sikra gjennom langsiktige avtalar med staten (servituttavtalar). Vert forvalta gjennom mellom anna regulerings- og byggesaksføresegnene i plan- og bygningslova, pålegg om tiltak etter forureiningslova og føresegnene i friluftsliva om åferdsreglar.
	Andre friluftsområde (<i>ikkje knytt til eiga forskrift</i>)		Kartlagde friluftsområde. Kartlag: <i>Kartlagte friluftsområder.</i>
Anna	Reindriftsinteresser (<i>Lovfesta</i>)	http://kilden.skogoglandskap.no	Fane for reindrift. <i>Alle kartlaga er aktuelle.</i> Reindrifta vert regulert av reindriftslova. Sjå nettsida www.reindrift.no .
	Vernskog (<i>Forskriftesta</i>)		Fane for arealinformasjon. Eksterne. Kartlag: <i>Vernskog</i> Vernskog er basert på kommunale vedtak og egne forskrifter. Sjå dokument 'Forvaltning av vernskog (B-300 M-0618B)' hos www.regjeringen.no .
	Lausmasseskred	www.skrednett.no	<i>Aktsomhetskart-skred i bratt terreng.</i> <i>Faresonekart-skred i bratt terreng.</i> NVE gjennomfører faresone- og aktsemdkartlegging av skred i bratt terreng for utvalde område, jmfør plan for skredfarekartlegging (NVE rapport 14/2011).
			<i>Kvikkleiresoner og marin grense.</i> Ligg tiltaket under marin grense, er det generell fare for skred. Er tiltaket i, eller nær, kvikkleiresone er det spesiell stor fare for skred, og tiltaket som må utgreiast av fagkyndige (geoteknisk). NGU utviklar og held ved lag òg kartinnsyn om berggrunn, lausmasser, mineralske ressursar, grunnvatn m.m. Link til lausmassekart: www.ngu.no/kart-og-data/kartinnsyn
Flaum	www.nve.no	Kart og karttenester. Kartlag: <i>Flomsoneer.</i> Flaumsonerkartet viser areal som vert fløymd over ved ulike flaumstorleikar. Det blir utarbeida flaumsoner for 20-, 200- og 1000-års flaumane, og omfatter areal med størst skadepotensial ved flaum.	



- | | | | |
|--|--------------------|---|------------|
|  | Bolig |  | Andre bygg |
|  | Bustad m/leilighet | | |
|  | Våningshus | | |
|  | Større bustader | | |
|  | Hytte/feriehus | | |
|  | Garasje/uthus | | |
|  | Industri/lager | | |

Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.
 Koordinatsystem: UTM(EUREF89) - SONE 32 (EPSG:32632)
 Høydesystem: (EPSG:)



Lindås kommune
Planavdeling

Dato: 2022.02.14

Sign: lini



Målestokk
1:4000

Helge Sandvik

Fra: Postmottak Alver <post@alver.kommune.no>
Sendt: mandag 21. februar 2022 12:46
Til: Helge Sandvik
Emne: Takk for e-posten din!
Vedlegg: image001.png

Dette svaret er ei stadfesting på at post@alver.kommune.no har mottatt ein e-post frå deg. Alle spørsmål og innspel, som er underlagt det offentlege si plikt til journalføring, vert journalført og formidla til rett sakshandsamar. Tida det tar å sakshandsame kan variere frå sak til sak.

Skal du dele **sensitive** personopplysningar? Ikkje bruk e-post! Bruk eDialog (logg inn med BankID eller annen nivå4-sikkerhet på lenken <https://svarut.ks.no/edialog/mottaker/920290922>) eller **kontakt oss per telefon eller ordinær postsending.**

We confirm the receipt of your e-mail to post@alver.kommune.no. Your e-mail will be forwarded to the back office and answered as soon as possible.

Do not use email for sensitive personal information! We strongly recommend that you use eDialog (use your BankID or other level4 security card to log on to <https://svarut.ks.no/edialog/mottaker/920290922>) or call us or send us a letter when you need to share **sensitive** personal information with the municipality.

We will not respond to advertisement, newsletters and other bulk distribution.

Med venleg helsing/Kind regards,
post@alver.kommune.no

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE